



Ing Taule As
Radøyvegen 1400
5936 MANGER

Referanser:
Dykkar:
Vår: 23/4420 - 23/66792

Saksbehandlar:
Anne Lise Molvik
anne.lise.molvik@alver.kommune.no

Dato:
28.09.2023

Dispensasjon og løyve til oppføring av naust og bryggje - gbnr 58/77 Lygren indre

Administrativt vedtak. **Saknr:** 896/23
Tiltakshavar: Bjarte Lygre
Ansvarleg søkjar: Ing Taule As
Søknadstype: Søknad om løyve til tiltak [med ansvarsrett]

VEDTAK:

Det vert gjeve dispensasjon frå arealføremålet landbruks-, natur- og friluftsføremål og bruk og vern av sjø med tilhøyrande strandsone i kommunedelplanen for Lindås 2019-2031 og plan- og bygningslova § 1-8, for oppføring av naust og bryggje på gbnr 58/77.

Dispensasjonen vert gitt på følgjande vilkår:

- Båtopptrekk vert godkjend med ei breidde på inntil 2,5 meter.

Vedtaket er gjeve med heimel i plan- og bygningslova § 19-2, jf. 11-6.
Grunngjeving går fram av saksutgreiinga.

Det vert gjeve rammeløyve til oppføring av naust og bryggje på gbnr 58/77. Løyvet vert gitt på følgjande vilkår:

- Tiltaket skal plasserast som vist i situasjonsplan datert 22.03.2023, jf. pbl. § 29-4, jf. SAK § 6-3. Båtopptrekk vert godkjend med ei breidde på inntil 2,5 meter.
- Toleransegrense for plassering av tiltak vert sett til +/- 20 cm i vertikalplanet og +/- 50 cm i horisontalplanet.

Før det vert gjeve igangsetjingsløyve for tiltaket skal følgjande liggja føre:

- Oppdatert kart og teikningar som viser at båtopptrekk har ei breidde som ikkje overstig 2,5 meter.
- Løyve etter Lov om havner og farvann.

Tiltaket skal avsluttast med ferdigattest.

Vedtaket er gjeve med heimel i plan- og bygningslova § 20-1, jf. §20-3.

Med heimel i plan- og bygningslova § 23-8, jf. forskrift om saksbehandling i byggesak § 6-8, godkjenner kommunen tiltakshavar Bjarte Lygre sin søknad om personleg ansvarsett for utføring av grunn,- betong- og tømrararbeid for oppføring av naust og bryggje på gbnr 58/77.

SAKSUTGREIING

Tiltak

Ing. Taule AS søker på vegne av tiltakshavar Bjarte Lygre om dispensasjon og rammeløyve til oppføring av naust med båtopptrekk og bryggje på eigedomen gbnr 58/77 Lygre indre. Naustet har eit bygd areal på 35 m² og bryggja har ein storleik på 1,2 x 4 meter.


Eigedomen gbnr 58/77 ligg på Luresteinen, sørre delen av Salthusøyna. Eigedomen er ubyggd og grensar til gbnr 58/69 der tiltakshavar har fritidsbustad. Salthusøyna er ikkje landfast og tilkomst til eigedomen må skje med båt.

Tiltakshavar har i dag rett til tilkomst over gbnr 58/29 til kai/bryggje. Tilkomsten fungerer dårleg då området er svært grunt og fjærar tørt. Tiltakshavar ønskjer derfor å sikra tilkomst via eigen eigedom og søker om å etablera ei lita brygge og naust på eigedomen gbnr 58/77.



Saka omfattar søknad om dispensasjon frå arealføremål på land og i sjø, samt plan- og bygningslova § 1-8.

Det vert elles vist til søknad journalført mottatt 01.06.2023 og tilleggskommunikasjon journalført 01.09.2023 og 05.09.2023.

Situasjonsplan/oversiktskart



Bilete og illustrasjon



Sakshandsamingsfrist

Søknaden var ikkje komplett då han var mottatt. Kommunen etterspurde følgjande dokumentasjon i brev av 30.08.2023: teikningar av bryggje, ytterlegare dispensasjonar, samt forhold som berører nabovarsel og den marine verneplanen for Lindåsosane og Lurefjorden.

Dokumentasjon vart motteken ved brev frå ansvarleg søkjar 04.09.2023.

Søknaden var komplett og klar for behandling 04.09.2023, og frist for behandling er 12 veker frå denne dato.

Plan

Eigedomen ligg i uregulert område innanfor det som i kommuneplanen for Lindås, planid. 1263-201805, sin arealdel er definert som landbruks-, natur- og friluftsføremål (LNF) på land, medan arealet i sjø er avsett til bruk og vern av sjø og vassdrag med tilhøyrande strandsona.

Området er også omfatta av omsynssona for «Den indre farleia», jf. H570_oK06, og ligg innanfor område som er omfatta av Forskrift om vern av Lurefjorden og Lindåsosane marine verneområde. Forskrifta vil gjera seg gjeldande for tiltak som skal etablerast under djupnekote 2 meter under sjøkartnull.

Dispensasjon

Tiltaket krev dispensasjon frå kommunedelplanen for Lindås 2019-2031 når det gjeld landbruks-, natur- og friluftsføremålet, arealføremålet bruk og vern av sjø og vassdrag og plan- og bygningslova § 1-8, det generelle byggjeforbodet i strandsona.

Ansvarleg søkjar grunngir søknaden i hovudsak slik:

- tiltakshavar ønskjer å sikra tilkomst via eigen eigedom
- tiltakshavar sin tilkomst skjer i dag via område som er svært grunt og som fjærar tørt
- tiltaket er lite ruvande og vil framstå som ein naturleg del av busetnaden
- det er hyttefelt og campingplass i andre delar av området som er meir eksponert mot leia
- tiltaket er ikkje til ulempe for omgjevnadane eller naboar og vil ikkje redusera den visuelle verdien av «Den indre farleia».
- Bryggja vil førast opp på pelar som vert forankra i fjell med boltar. Tiltaket er reversibelt.

Uttale frå anna styresmakt

Søknaden har vore send på høyring til Bergen Havn AS, Vestland fylkeskommune, Statsforvaltaren i Vestland og Fiskeridirektoratet.

Bergen Havn AS har gitt uttale i brev datert 29.06.2023. Førehandsuttalen er gitt på bakgrunn av søknad om tiltak i sjø. Bergen Havn AS skriv:

«(...)Vi gjør derfor oppmerksom på at du selv må innhente en bekreftelse fra Alver kommune på at tiltaket ikke strider mot plan for området. Vi må avvente vår behandling av søknaden inntil en slik bekreftelse er mottatt hertil. Dersom tiltaket er i samsvar med plan er det tilstrekkelig at du innhenter en slik bekreftelse fra kommunen per e-post. Alternativt må du søke om dispensasjon fra gjeldende plan i området til Alver kommune.

Videre er det registrert fiskeriinteresser i området for omsøkt tiltak. Før vi behandler saken videre ber vi derfor om Fiskeridirektoratets vurdering av hvorvidt tiltaket vil komme i konflikt med fiskeri- og/eller akvakulturinteresser i området.

På bakgrunn av at bileden Alversund-Fonnesstraumen er i tett nærhet til det omsøkte tiltaket, settes også Kystverket som kopimottaker slik at de har mulighet til å uttale seg til saken. Vedlagt følger relevante dokumenter.

Vi gir imidlertid en forhåndsuttale i saken.

Ut fra de opplysninger vi har mottatt kan vi ikke se at tiltaket vil være problematisk etter havne- og farvannsloven og vi er innstilt på å fatte positivt vedtak i saken. Vi opplyser imidlertid at det går en biled like utenfor det omsøkte område. Tiltaket må ha tilstrekkelig solid utførelse og fortøyres/forankres forsvarlig slik at den tåler de påkjenninger som følger av sjøtrafikken i området.

Når ovennevnte dokumentasjon er mottatt hertil kan vi ferdigbehandle søknaden med et vedtak i saken. Videre opplyses det at ordinær saksbehandlingstid er fire uker fra søknaden er mottatt komplett. (...)»

Bergen havn AS har gitt ny uttale i brev datert 08.08.2023. Dei skriv:

(...)Ut i fra mottatt informasjon søkes det om tillatelse til etablering av naust og brygge.

BHF IKS ga forhåndsuttale til søknaden i brev av 29. juni 2023. Søknaden ble sendt på høring til Fiskeridirektoratet som følge av det er registrert fiskeriinteresser i området for det omsøkte tiltaket. Fiskeridirektoratet uttaler at de ønsker å avvente sin uttale til saken etter havne- og farvannsloven inntil den er planavklart etter plan- og bygningsloven. Vi gjør derfor oppmerksom på at dersom Fiskeridirektoratet blir hørt i forbindelse med behandling av dispensasjonsaken vil dette ikke være nødvendig når vi senere skal behandle saken.

Videre ble Kystverket satt som kopimottaker av nevnte forhåndsuttale på bakgrunn av at bileden Alversund-Fonnesstraumen er i tett nærhet til det omsøkte tiltaket. Vi har ikke mottatt merknader fra Kystverket i saken. Det er viktig at tiltaket har tilstrekkelig solid utførelse og fortøyres/forankres forsvarlig slik at den tåler de påkjenninger som følger av sjøtrafikken i området.

Forutsatt at ovennevnte merknader ivaretas, kan vi ikke se at de omsøkte tiltakene vil komme i konflikt med de hensynene vi skal ivareta etter havne- og farvannsloven. Vi minner om at tiltaket også krever endelig tillatelse etter havne- og farvannsloven. Det bes om at et eventuelt dispensasjonsvedtak oversendes hertil så snart det foreligger i saken. (...)

Statsforvaltaren i Vestland har gitt følgjande uttale i brev datert 28.07.2023:

(...)Kommunen kan berre dispensere dersom omsynet bak føresegna det vert dispensert frå, omsyn til plan- og bygningslova sine formål eller nasjonale eller regionale interesser, ikkje vert vesentleg tilsidesette. I tillegg må fordelane ved å gi dispensasjon vere klart større enn ulempene, jf. plan- og bygningslova (pbl.) § 19-2 andre ledd.

Det er opplyst i oversendingsbrevet at eigedomen har arealformål LNF-spreidd. Vi kan ikkje sjå at dette er riktig. Etter det vi kan sjå ligg gnr. 58 bnr. 77 i formål LNF, og i strandsona. Det er naudsynt med dispensasjon frå både LNF-formål og frå byggeforbodet i strandsona jf. plan og bygningslova (pbl.) § 1-8 andre ledd. I tillegg går opptrekkslunnar og brygge ut sjø og treng dispensasjon frå arealformål i sjø, som er bruk og vern av sjø. Tiltaket ligg også innanfor omsynssone for «Den indre farleia».

Sjøen i dette området er del av marint verneområde for Lurefjorden og Lindåsosane. Om nokon av tiltaka går ned til djupekvote 2 meter under sjøkartnull vil dei vere omfatta av reglane i verneforskrifta.

I 100-metersbeltet langs sjø skal det alltid takast særleg omsyn til natur- og kulturmiljø, friluftsliv, landskap og andre allmenne interesser jf. pbl. § 1-8 fyste ledd. Strandsona skal generelt haldast open og privatisering og nedbygging skal unngåast. Forbodet i § 1-8 andre ledd skal vege tungt. Eventuelle avvik frå dette forbodet skal som hovudregel skje gjennom ordinær planlegging, ikkje som dispensasjon, jf. Ot.prp.nr 32 (2007-08).

I LNF-område skal ein ta særleg omsyn til landbruk, natur og friluftsliv. Desse areala skal vere ubyggd, med unntak av bygg som er direkte knytt til gardsdrift. Det er føresegn til bruk og vern av sjø og vassdrag i kommuneplanen. Føresegn 3.5.1 seier mellom anna: «Føremålet er fleirbruksområde for natur, friluftsliv, ferdsle og fiske. Tiltak eller inngrep som er i konflikt med natur, friluftsliv, ferdsle eller fiske er ikkje tillate, under dette flytebrygger og kaianlegg.»

Området har friluftinteresser, særleg i sjø, og ligg i eit område som er kartlagt som eit viktig friluftsområde, som er mye brukt til padling og turar med småbåtar. Etter det vi kan sjå er det ikkje tidlegare inngrep på dei aktuelle områda, men det er ei kai og flytebrygge i nærleiken. For å planere for naustet er det naudsynt med ganske store terrenginngrep og det skal fyllast ut i sjø for å anleggje lunnar. Tiltaka vil både auke privatisering av området og påverke landskapet slik at det vert meir bygd. Begge deler kan påverke friluftsverdiane i område negativt. Naustet vil også bygge ned natur/grønstruktur i strandsona.

Statsforvaltaren rår ifrå dispensasjon i saka, og ber om å få eit eventuelt positivt vedtak til klagevurdering.

Nabovarsel

Tiltaket er nabovarsla. Ansvarleg søkjar opplyser at det ligg føre merknad frå eigar av gbnr 58/38, og viser til e-postdialog mellom partane. Eigar av gbnr 58/38 uttrykker at bukta er trang og at omsøkt tiltak vil koma i konflikt med den etablerte kaien og flytebryggja på eigedomen gbnr 58/83 som han også eig, mellom anna i forhold til tilkomst. Han ønskjer derfor at omsøkt naust og flytebrygger vert flytta lenger ut av vika, dvs. lenger sør.

Ansvarleg s kjar har kommentert nabomerknad ved brev datert 30.06.2023. Ansvarleg s kjar opplyser:

«Det har komme merknader fr  nabo p  bruk nr. 38. Desse har vi svart p  i form av e-post samt i telefonsamtaler. Etter ynskje fr  nabo legg vi ved skanna kopi av e-poster med merknader og skisser med forslag til endra plassering av tiltaket, samt v re tilsvar p  dette. Vedkomande eigarforhold viser vi til informasjon i utgreiing/s knad om dispensasjon.

Det ligg ikkje f re dokumentasjon eller kunnskap om munnlege avtalar om plassering av flytebyggja p  nabotomten. Slik vi vurderer det er det klart at denne legg beslag p  mykje av det av denne «bukta» som naturleg tilh yrer tiltakshavar ut fr  tomtegrensene og at usemje om dette er av privatrettsleg karakter.»

Plassering

Plassering av tiltaket er vist i situasjonsplan datert 22.03.2023..

P  situasjonsplanen er minste avstand til nabogrense vist til   vera 4 meter.

Tiltaket skal utformast i tr d med teikningar mottatt 01.06.2023 og 01.09.2023. Det er opplyst at golv p  bryggja vert tilpassa inn mot terreng og at det skal monterast «skanseledning» i front.

Terrenghandsaming

Teikningar/snitt viser eksisterande og nytt terreng, og plassering i h ve terreng.

Visuelle kvalitetar

Tiltaket skal prosjekterast og utf rast slik at det etter kommunen sitt skj nn har gode visuelle kvalitetar b de i seg sj lv, og i h ve til tiltaket sin funksjon, bygde og naturlege omgjevnader og plassering.

Flaum, skred og andre natur- og milj tilh ve

Ansvarleg s kjar har erkl ert at tiltaket ikkje skal plasserast i eit omr de der det er fare for flaum, skred eller andre natur- og milj tilh ve som krev s erskilte unders kingar eller tiltak. Ansvarleg s kjar skriv:

«Vi s kjer om eit naust som er i sikkerhetsklasse Fl. Dette omfattar byggverk med lite person opphald med risiko for sm   konomiske eller andre samfunnsmessige konsekvenser. Naustet vil ogs  definerast som byggverk som i kraft av sin funksjon er plassert i flom utsette omr der til liks med kaier, bruer, pumpehus og lignende. Desse vert konstruert og oppf rt slik at dei er i stand til   tole belastningar av ein flom/ stormflo. If lge Kartverket sine projeksjoner for endring i havniv  fr  2015 er framskriving av havniv  til perioden 2081 til 2100 v re 50 cm med eit intervall p  20-70 cm for Bergen. Dette etter RCP2.8 som er den strengaste tolkninga. Slik vi ser det vil naustet mest sannsynlig kreve oppgradering og vedlikehald n r vi skriv 2080. Ein vil d  ha fasit med omsyn til havniv  og kan d  s kje om n dvendig endring/ tilpassing av plassering og h gde.»

Kommunen legg denne vurderinga til grunn for vedtaket.

VURDERING

Generelt om dispensasjon

Det er to vilk r som m  vera oppfylt for at kommunen skal kunne gje dispensasjon. For det f rste m  dei omsyna som ligg bak f resegna det vert dispensert i fr , eller lova sin f rem lsbestemmelse, ikkje verta vesentleg sett til side, og for det andre m  fordelane ved   gje dispensasjon vera klart st rre enn ulempene, etter ei samla vurdering.

Ved dispensasjon frå planar skal det leggjast særleg vekt på nasjonale og regionale rammor, og det bør ikkje gjevast dispensasjon frå planar når ei direkte råka statleg eller regional styresmakt har gjeve negativ uttale til søknaden.

Ved dispensasjon frå lov og forskrift skal det leggjast særleg vekt på dispensasjonen sine konsekvensar for helse, miljø, tryggleik og tilgjenge.

Kommunen kan setja vilkår for dispensasjonen. Vilkåra må liggja innafor ramma av dei omsyn lova skal ivareta, og det må vera ein naturleg samanheng mellom dispensasjon og vilkår, til dømes slik at vilkår så langt som mogleg kompenserer for ulemper dispensasjon kan medføra.

Eigedomen gbnr 58/77 ligg på Luresteinen, sørre delen av Salthusøyna. Eigedomen er ubygd og grensar til gbnr 58/69 der tiltakshavar har fritidsbustad. Salthusøyna er ikkje landfast og tilkomst til eigedomen må skje med båt.

Tiltakshavar har i dag tilkomst til sjø via gbnr 58/29. Tilkomsten fungerer dårleg då området er svært grunt og fjærar tørt. Tiltakshavar ønskjer derfor å sikra tilkomst via eigen eigedom ved å etablere ei lita brygge og naust på eigedomen gbnr 58/77.

Tiltaket krev dispensasjon frå arealføremåla landbruks-, natur og friluftsføremål, bruk og vern av sjø og vassdrag og plan- og bygningslova § 1-8.

Omsyna bak LNF-føremålet er i hovudsak å verna om samfunnsinteresser knytt til landbruk, natur og friluftsliv. Det er ønskeleg å unngå uheldig omdisponering og fragmentering av landbruksområde og anna grønstruktur. Det går fram av kommunedelplanen føresegn 3.4.1, at det berre kan førast opp nødvendige bygningar og anlegg knytt til stadbunden næring innanfor LNF-føremålet.

I denne saka er det omsynet til natur og friluftsliv som særleg gjer seg gjeldande. Landbruksinteressene vert i lita grad berørt. Naust og bryggje skal førast opp på ubygd eigedom som ligg mellom fleire fritidseigedomar. Eigedomen er opprinnleg frådelt som tilleggsareal til ein av fritidseigedomane. Arealet er i gardskartet klassifisert som produktiv skog. Omsøkt tiltak vil ikkje byggja ned dyrkbar jord. Behandling etter jordlova er ikkje nødvendig.

Omsynet til natur og friluftsliv vil vera samanfallande med omsynet bak både byggjeforbodet i strandsona og arealføremålet i sjø. Det generelle byggjeforbodet i strandsona skal gje strandsona eit særskilt vern og halde ho fri for tiltak for å sikre ålmenta sine interesser, spesielt ferdsle og friluftssinteresser, landskapsomsyn og verneinteresser. Arealføremålet i sjø er fleirbruksområde for natur, ferdsle og fiske, og skal sikra at det ikkje vert etablert tiltak eller inngrep som er i konflikt med desse interessene.

Friluftssinteressene står sterk. Området er registrert som eit viktig friluftslivsområde med fokus på strandsona og sjø, og etablering av nye tiltak må skje etter ein streng praksis. I denne saka har kommunen lagt vekt på at tiltaket er nødvendig for å sikra eigar sin tilkomst. Eksisterande tilkomst til sjø er ikkje tilfredsstillande. Naustet skal plasserast inst i vika og ligg skjerna for ver og vind. Bilete og illustrasjonar viser at bygget er godt tilpassa terrenget på staden og at tiltaket ikkje medfører store terrenginngrep. Billeia som går forbi området er sterkt trafikkert og naust vil sikra trygg oppbevaring av båt og utstyr. Bryggja har nøktern storleik og utforming og vil verta etablert slik at ho er reversibel. Tiltaka vil ikkje kome i konflikt med den marine verneplanen for Lindåsosane og Lurefjorden eller krevja eige løyve etter verneforskrifta. Det skal ikkje etablerast tiltak under 2 meter under sjøkartnull.

Det er vidare lagt vekt på at tiltaket skal førast opp på den bebygde delen av Salthusøyna, og at området som følgje av det ikkje vil vera like attraktivt i friluftssamanheng som den ubygde delen av øya. Tiltaka vil elles ha ei nøktern utforming og vera i tråd med kommunedelplanen sine føresegner for naust. Vi kan ikkje sjå at omsynet bak «den indre farleia» vil verta sett til side.

Båtopptrekket er ikkje målsett, men det går fram av søknad om løyve etter hamnelova at dette har ein storleik på 4 x4 meter. Det er kommunen si vurdering at ein reduksjon i breidde til maksimalt 2,5 meter vil gje eit betre terrengtilpassing samstundes som båtopptrekket sin funksjon framleis er ivaretatt.

Det er kommunen si vurdering at omsynet bak arealførmål og byggjeforbod ikkje vert vesentleg sett til side.

I vurderinga av fordelar og ulemper har kommunen særleg lagt vekt på at tiltaket vil sikra eigar tilkomst til eigedomen sin. Bryggja har ei nøktern utforming og vert ført opp på ein slik måte at ho er reversibel. Billeia som går like i nærleiken har stor trafikk og medføra utfordringar når det gjeld fortøying av båt. Naust vil såleis vera nødvendig for å sikra båt og utstyr. Det er vidare lagt vekt på at tiltaket skal passerast på den bygde delen av øya og at området som følgje av det er mindre attraktivt med omsyn til friluftsliv enn den ubygde delen av øya. Fordelane ved tiltaket vert vurdert større enn ulempene.

Etter ei samla og konkret vurdering finn kommunen at vilkåra for å gje dispensasjon frå LNF-føremålet, arealføremålet bruk og vern av sjø og vassdrag og plan- og bygningslova § 1-8 er oppfylt på dei vilkår som går fram av vurderinga.

Plassering

Tiltaket vert godkjend plassert slik det er søkt om og på vilkår av at båtopptrekket vert redusert til ei breidde som ikkje overstig 2,5 meter. Før det vert gitt igangsetjingsløyve må det sendast inn oppdatert situasjonsplan og teikningar i tråd med vilkåret.

Visuelle kvalitetar

Tiltaket har etter kommunen sitt skjønn gode visuelle kvalitetar, både i seg sjølv og i høve til si funksjon, og dei bygde og naturlege omgjevnader og plassering

Nabomerknad/privatrettslege forhold

Eigar av gbnr 58/38 er ueinig i omsøkt plassering og meiner at tiltaket vil vera til hinder for tilkomst til det etablerte kai- og flytebryggeanlegg hans. Partane har hatt ein dialog om saka, men er ikkje blitt einige, jf. e-postdialog i saka.

Det er kommunen si vurdering at merknadar frå nabo gjeld privatrettslege forhold. Vi viser til ansvarleg søkjar sitt tilsvar. Naust og brygge er plassert på tiltakshavar sin eigedom, forhold som gjeld sjøområdet utanfor og tilflott er eit privatrettsleg forhold som partane sjølv må bli einige om. Kommunen skal ikkje ta stilling til privatrettslege forhold ved behandling av byggesaker, jf. pbl § 21-6. Det er ikkje openbart for kommunen at tiltakshavar ikkje har dei nødvendige privatrettslege rettar som søknaden føreset.

Dette vedtaket avklarar ingen privatrettslege forhold. Det er tiltakshavar som har ansvar og risiko for at dei har nødvendige rettigheter til å etablere tiltaket. Usemje må løysast av partane eller ved hjelp av domstolane.

Eigar av gbnr 58/38 får vedtaket til klagevurdering.

Tiltaksklasse og ansvarsrettar

Kommunen legg søkjar si vurdering av tiltaksklasse til grunn og godkjenner tiltaket i tiltaksklasse 1. Ansvarsrettar går fram av gjennomføringsplan versjon 1.

Tiltakshavar Bjarthe Lygre søker om personleg ansvarsrett som sjølvbyggjar for utføring av grunn-, betong- og tømrararbeidet for oppføring av naust og bryggje. Han har sannsynleggjort nødvendig kompetanse ved bruk av medhjelpar si utdanning og/eller praksis.

Tiltakshavar har etter kommunen si vurdering sannsynleggjort at arbeidet vil bli utført i samsvar med føresegner gjeve i eller i medhald av plan- og bygningslova. Søknaden om personleg ansvarsrett vert godkjend slik det er søkt om.

Vurdering etter naturmangfaldslova

Tiltaket ligg innanfor område som er registrert som nasjonalt viktig gytefelt for torsk. Kommunen kan ikkje sjå at tiltaket vil koma i konflikt på gyteområdet. Omsøkte tiltak er plassert på land med unntak av båttoppdraget med lunnar. Tiltaket er lite berører ikkje gytefeltet. Vi kan heller ikkje sjå at tiltaket vil koma i konflikt med verneplanen for Lurefjorden og Lindåsosane marine verneområde. Det skal ikkje etablerast tiltak i sjø som skal etablerast under djupnekote 2 meter under sjøkartnull.

Vidare saksgang

Nødvendig løyve etter Lov om havner og farvann må liggja føre før kommunen kan gje igangsetjingsløyve.

Regelverk

- Tiltak etter pbl § 20-1 er søknadspliktig etter pbl § 20-2.
- Nabo og gjenbuarar skal ha varsel om tiltak i samsvar med plan- og bygningslova § 21-3.
- Krav om tilgang til vatn og avlaup finn du i plan- og bygningslova §§ 27-1 og 27-2.
- Krav til tilkomst til offentleg veg finn du i plan- og bygningslova § 27-4.
- Alle tiltak etter pbl skal ha gode visuelle kvalitetar i samsvar med pbl §§ 29-2, jf 29-1.
- Krav til avfallsplan følgjer av byggtknisk forskrift (TEK) § 9-6.
- Krav til skildring av miljøsanering følgjer av TEK § 9-7.
- Kommunen kan gi dispensasjon med grunnlag i pbl § 19-2 andre ledd, men bør ikkje gi dispensasjon når ei direkte råka statleg eller regional styresmakt har gjeve negativ uttale til søknaden, jf. pbl § 19-2 fjerde ledd.
- Kommunen kan setje vilkår for ein dispensasjon, jf. Ot.prp. nr. 56 (1984-85) s 102.
- Kommunen skal ikkje ta stilling til privatrettslege tilhøve, jf. pbl § 21-6.
- Tiltaket må ikkje kome i konflikt med prinsippa i §§ 8-12 i naturmangfaldlova.

Mynde

Saka er handsama og avgjort administrativt i medhald av delegert mynde, jf. kommunelova § 5-3, 3.ledd og gjeldande delegeringsreglement.

Klage

Vedtaket er eit enkeltvedtak etter reglane i lov om offentleg forvaltning (fvl). Vedtaket kan klagast på til kommunen, jf. fvl. §§ 28-36. Klagefristen er 3 veker frå melding om vedtak er motteke. Det er nok at klagen er postlagt innan fristen går ut. Klagen skal sendast skriftleg til kommunen. I klagen skal det gå fram kva det vert klaga på i vedtaket, og kva endringar ein ønskjer. Klagen skal grunngjevast. Føretak som har fått avslag på søknad om ansvarsrett har særskilt rett til å klage over dette vedtaket.

Før det kan reisas søksmål om vedtaket er gyldig eller krav om erstatning, må høve til å klage på vedtaket vere nytta fullt ut, jf. fvl. § 27b.

Ansvar

Tiltakshavar er ansvarleg for at byggverket vert oppført i tråd med føresegner gjeve i eller i medhald av plan- og bygningslova, jf. pbl. § 23-1, 2. ledd. Om søknaden er i strid med offentlege føresegner gjeld føresegnene før løyvet. Vedtak etter plan- og bygningslova inneber ikkje avgjerd i privatrettslege tilhøve, jf. pbl. § 21-6.

Kopi av dette vedtaket, samt andre saksdokument, skal alltid vere tilgjengeleg på byggeplassen.

Bortfall av løyve

Om byggearbeidet ikkje er sett i gang innan 3 år etter at dette løyvet er gitt, eller vert innstilt i lengre tid enn 2 år, fell løyvet bort, jf. pbl. § 21-9. Dette gjeld også dispensasjonsløyvet.

Avfall

Alt avfall som tiltaket fører med seg skal leverast til mottak godkjent av forureiningsstyresmakta.

Ferdigstilling

Tiltaket skal avsluttast med ferdigattest, jf. pbl. § 21-10 og SAK § 8-1. Ingen delar av byggverket må takast i bruk før ferdigattest eller mellombels bruksløyve ligg føre.

Ved all vidare kontakt i denne saka, ver venleg og referer til saknr.: 23/4420

Med vennleg helsing
Alver kommune

Anne Lise Molvik
Rådgjevar

Are Frøysland Grande
Avdelingsleiar

Dette dokumentet er elektronisk godkjent og har difor ingen signatur.

Vedlegg:

Situasjonsplan
Teikning
Teikning bryggje - gbnr 58-77
Redegjørelse

Kopi til:

Bjarte Lygre	Sandviksveien 87a	5036	BERGEN
Eirik Wiken Lygre	Isdalstøbakken 1c	5916	ISDALSTØ

Mottakarar:

Ing Taule As	Radøyvegen 1400	5936	MANGER
--------------	--------------------	------	--------

